



Innkalling av Kommunestyret

Møtedato: 16.02.2017
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 12:00

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2017	Godkjenning av møtebok
003/2017	Referatsaker
004/2017	Orienteringssaker
005/2017	Avtale med Modalen kraftlag BA vedkomande konsesjonskraft for 2017 - 2020
006/2017	Reviderte retningsliner for tildeling av kulturmidlar
007/2017	Tilrettelegging helleristingar inkl. fysiske tiltak v/ Mostraumen
008/2017	Revisjon av vedtekter skulefritidsordning
009/2017	Revisjon vedtekter Modalen barnehage

20. februar 2017

Tom Kristian Thorsen
møteleiar

Øivind Olsnes
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		17/3

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2017	Kommunestyret	PS	16.02.2017

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		17/3

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/2017	Kommunestyret	PS	16.02.2017

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 15.12.2016

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		17/3

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2017	Kommunestyret	PS	16.02.2017

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
003/2017.1	Beslutninger om endringer i lokal struktur - Vest politidistrikt
003/2017.2	Modalen kontrollutval - Møteutskrift frå møtet 15. november
003/2017.3	Nordhordland Revisjon IKS representantskapsmøte 02.12.16
003/2017.4	Protokoll Representantskap 2-2016 Region Nordhordland Helsehus IKS, 2. desember 2016.
003/2017.5	Protokoll Regionråd 9-2016, fredag 2. desember 2016
003/2017.6	Protokoll Representantskap 2-2016 Region Nordhordland Helsehus IKS, 2. desember 2016.
003/2017.7	Søknad - Slep av smolt - Reetablering av laks i Modalen 2017
003/2017.8	Orientering om vedtak om endring av 300 (420) kV Modalen - Mongstad
003/2017.9	Regionreform - vedtak på fylkestinget i Hordaland

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Beslutninger lokal struktur Vest pd 13.01.17

2016 11 15 Møteutskrift - Modalen kontrollutval

Nordhordland Revisjon IKS representantskapsmøte 02.12.16

Protokoll Representantskap 2-2016 Region Nordhordland Helsehus IKS, 2. desember 2016.

Protokoll Regionråd 9-2016, fredag 2. desember 2016

Protokoll Representantskap 2-2016 Region Nordhordland Helsehus IKS, 2. desember 2016.

Søknad - Slep av smolt - Reetablering av laks i Modalen 2017

Orientering av grunneiere, rettighetshavere og høringsinstanser

Regionreform - vedtak på fylkestinget i Hordaland

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		17/3

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2017	Kommunestyret	PS	16.02.2017

Orienteringssaker

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
004/2017.1	Planframlegg omstilling pleie og omsorgstenesta
004/2017.2	Kompensasjonsmidlar 2016 - tilsegn om tilskot på inntil kr 300 203 til prosjekt Vidareføring av prosjekt for auka turisme i Modalen.

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Planframlegg omstilling pleie og omsorgstenesta

Kompensasjonsmidlar 2016 - tilsegn om tilskot på inntil kr 300 203 til prosjekt Vidareføring av prosjekt for auka turisme i Modalen..pdf

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FA - S05	17/4

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2017	Formannskapet	PS	31.01.2017
005/2017	Kommunestyret	PS	16.02.2017

Avtale med Modalen kraftlag BA vedkomande konsesjonskraft for 2017 - 2020

Forslag til vedtak:

Modalen kommune overfører eiga konsesjonskraft til Modalen Kraftlag utan vederlag for den del av forbruket som går til kommunalt forbruk og til private innbyggjarar / kundar og landbruk.

Modalen kommune vidarefører underteikna avtale med Modalen kraftlag om sal av konsesjonskraft for den del som skal vidareselest til lokalt næringsliv, men med endring av pris i samsvar med vedtak i KS 017/2015. Differansen mellom marknadspris og kostpris skal heilt ut tilfalle næringsfondet.

All kraftmengda skal uavkorta stillast til rådvelde for abonnentane i Modalen kommune til lågast mogleg pris der og prisen på kjøp og overføring av krafta bør bli teke omsyn til.

Vedtaket gjeld for disponering av kommunen si konsesjonskraft til og med 31.12.2020.

Rådmannen legg fram ny sak til kommunestyret i første halvår 2020.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I kommunestyremøte den 15.12.2016 (sak 074/2016) vart det gjort slik vedtak:

Avtale med Modalen Kraftlag BA vedkomande disponering av kommunen si konsesjonskraft vert prolongert på gjeldande vilkår til med 30.06.2017.

Rådmannen legg fram ny sak til kommunestyret i løpet av 1. halvår 2016.

«Gjeldande vilkår» er slik fastsett av kommunestyret i følgjande vedtak/saker:

Møte den 06.12.2012 - KS-056/2012:

Modalen kommune overfører eiga konsesjonskraft til Modalen Kraftlag utan vederlag for den del av forbruket som går til kommunalt forbruk og til private innbyggjarar / kundar og landbruk.

*Modalen kommune godkjenner framlegg til vedlagt avtale med Modalen kraftlag om sal av konsesjonskraft for den del som skal vidaresejast til lokalt næringsliv.
Differansen mellom marknadspris og kostpris skal i sin helhet tilfalle næringsfondet.*

All kraftmengda skal uavkorta stillast til rådvelde for abonnentane i Modalen kommune til lågast mogleg pris der og prisen på kjøp og overføring av krafta bør bli teke omsyn til.

*Vedtaket gjeld for disponering av kommunen si konsesjonskraft til og med 31.12.2016.
Rådmannen legg fram ny sak til kommunestyret i 2016.*

Møte den 09.04.2015 - KS-017/2015:

Modalen kommunestyre vedtek slik endring av underteikna avtale mellom Modalen kommune og Modalen kraftlag om salg av konsesjonskraft:

Pkt 5. Vederlag

vert endra frå:

Kraftlaget skal betale marknadspris til kommunen for kraften. Prisen for avtaleperioden er fastsatt til 20 øre/kWh, jf. likevel kontraktens pkt. 10 om oppsigelse.

til:

Kraftlaget skal betale marknadspris til kommunen for kraften. Prisen for avtaleperioden er fastsatt til 16 øre/kWh, jf. likevel kontraktens pkt. 10 om oppsigelse.

Vurdering

Modalen kommune er vertskommune for delar av BKK si kraftutbygging i Stølsheimen. BKK som konsesjonær må avgje inntil 10 % av innvunne kraft frå utbygginga til vertskommunen og/eller fylkeskommunen til årleg fastsett pris. Samla konsesjonskraft for Modalen kommune framgår slik:

NVEs database for vassdragskonsesjoner (KDB) - Konsesjonskraft Rapport: K-6 12.11.2015

Kraftverk	Kraftverkseier	Vedtaksdato	Mengde i MWh
77 Evanger	25445 BKK PRODUKSJON AS	24.05.2011	3 862,6
263 Matre H	25445 BKK PRODUKSJON AS	18.12.1984	13 169,5
400 Steinsland	25445 BKK PRODUKSJON AS	24.05.2011	10 796,5
400 Steinsland	25445 BKK PRODUKSJON AS	07.12.1992	20 562,0
494 Vemundsbotn	25445 BKK PRODUKSJON AS	18.12.1984	7 042,1
584 Hellandsfoss	25445 BKK PRODUKSJON AS	12.03.2002	3 171,1
584 Hellandsfoss	25445 BKK PRODUKSJON AS	24.05.2011	1 612,2
753 Åsebotn	25445 BKK PRODUKSJON AS	12.03.2002	5 636,4

827 Nygard	25445 BKK PRODUKSJON AS	24.05.2011	5 227,2
	Sum	konsesjonskraft	71 079,6

Modalen kommune har rett til uttak av konsesjonskraft som tilsvarar det allminnelege kraftforbruket i kommunen. Dette utgjer årleg ca. 9 GWh. Det overskytande konsesjonskraftvolumet tilfell Hordaland Fylkeskommune.

Utteken kraft kan kommunen nytta etter eige skjønn, enten ved sal av konsesjonskrafta i marknaden, bruke konsesjonskrafta til kommunale bygg eller tildele krafta til eigne innbyggjarar. Men konsesjonskraftrettane må forvaltast innanfor gjeldande konkurransereglar.

I kommunestyremøte den 27.09.2012 deltok advokatfirmaet Lund & Co DA for å gjennomgå ulike juridiske sider med forvaltning av konsesjonskrafta og gav informasjon til kommunestyret om kva som måtte takast omsyn til i ein avtale med Modalen kraftlag.

Fram til 2013 vart Modalen kommune si konsesjonskraft distribuert til kostpris til alle Modalen Kraftlag sine abonnentar i kommunen. Dette var ikkje i samsvar med EØS sine statsstøttereglar. Frå 2013 vart det gjort ei endring ved sal av konsesjonskraft til næringslivet basert på ein nærmare vurdert marknadspris. I høve til tidlegare praksis vart det derfor inngått ein separat avtale om sal av denne delen av konsesjonskrafta til Modalen kraftlag.

Vilkåra i avtalen med Modalen kraftlag om videresal av konsesjonskrafta til næringslivet vart fastlagt for ein periode gjeldande for 10 år (løper til 31.12.2022). Marknadsprisen, som vart fastsett, var basert på ei vurdering i eit slikt lengre tidsperspektiv. Avtalen kan likevel seiast opp av begge partar med 6 månader verknad dersom prisutviklinga skulle tilsei at det er naudsynleg å føreta ein korreksjon.

Ved oppstart av avtalen var det juridiske og faglege vurderingar som tilsa at marknadspris vart sett til 20 øre/kWh. Etter ei ny vurdering av marknadsprisen endra kommunestyret i møte den 09.04.15 denne til 16 øre/kWh, jmf Ksak 017/2015.

I 2015 utgjorde Modalen kraftlag si omsetninga av kraft til næringslivet ca. 1.1 Gwh og Modalen kommune sitt næringsfond vart tilført kr 65.419. Grunna prisendringar vil betalinga til kommunen verte lågare i 2016 og i åra framover.

Sjølv om kraftprisen dei seinare åra har vore låg, så er det ikkje grunn til å redusere denne ytterlegare. Marknadsprisen for konsesjonskraft har for årskontraktar i denne perioden lege på ca 25 øre/kWh og over det nivå som vart antyda ved handsaminga av saka i 2015.

Modalen kraftlag har gjennom mange år disponert Modalen kommune si konsesjonskraft, og dei er avhengig av denne krafta for framleis å kunne drive si verksemd som i dag. Det har vore brei politisk semje om at konsesjonskrafta skal distribuerast av Modalen kraftlag, og vilkåra er i dag forvalta i samsvar med gjeldande konkurransereglar. Rådmannen finn derfor ikkje grunn til gjere ytterlegare vurderingar av andre alternativ, men syner til kva som er peika på i tidlegare saksutgreiingar ved handsaming av konsesjonskrafta i ulike kommunestyreperiodar.

Når det gjeld bindingstida på forvaltninga av konsesjonskrafta etter fastsette vilkår, så er det rimeleg at denne vert avgrensa til fire år. Dette for ikkje å binde opp eit nytt kommunestyre, men leggje til rette for at dei kan føreta ei sjølvstendig vurdering av saka etter nyval, basert på dei føresetnader

som då måtte rå for kommunen.

Rådmannen vil her kort peika på at kommunen sjølv, ved seinare økonomisk behov, kan redusere sine kostnader for kjøp av straum til eigne anlegg/byggingar eller auka si inntekt ved sal av konsesjonskrafta i marknaden. Kommunen sine årlege gevinst for sal av konsesjonskraft til lokalt næringsliv, er som rapportert i årmeldingar, tilført kommunlat næringsfond, men kan også nyttast som frie inntekter ved omgjerung av dette vedtaket. Dette er alternativ som rådmannen legg til grunn ikkje er aktuelt å endre på no.

Når det gjeld pris på konsesjonskraft for 2017 slik den vert teken ut i Modalen er den slik fastsett:

Beregning av endelig konsesjonskraftpris for 2017. Konsesjoner gitt etter april 1959

Olje- og energidepartementet viser til brev fra NVE av 16. desember 2016. NVE beregner her gjennomsnittlige produksjonskostnader for kraftverk satt i drift fra og med 1960. Departementet vil knytte noen merknader til beregningen.

Ved beregningen av konsesjonskraftprisen er det benyttet en kalkulasjonsrente på 5,30 prosent.

Departementet har ved beregning av konsesjonskraftprisen for 2017 bedt NVE hente inn oppdaterte skatte- og driftskostnadstall. Skattetallene som ligger til grunn i beregningen av eiendomsskatt for 2016 er fra selskaper som inngår i modellen "mini-vannkraft Norge". Det er sett bort i fra kostnader knyttet til naturressursskatt. For øvrige skattearter følger prisfastsettelsen av retningslinjer gitt i departementets brev av 7. april 2003. Driftskostnader for 2015 er beregnet etter data hentet fra de samme kraftverkene. Drifts- og skattekostnader er indeksjustert til 2017-nivå i henhold til anslag på konsumprisvekst i Nasjonalbudsjettet 2017.

Ved uenighet om konsesjonskraftprisen fastsetter Olje- og energidepartementet prisen på konsesjonskraft for konsesjoner gitt etter 10.04.59 til 11,48 øre/kWh for hele leveringsåret 2017.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at gjeldande avtale om sal av konsesjonskraft til marknadsmessige vilkår for den del som Modalen kraftlag skal vidareselje til lokalt næringsliv og at øvrig konsesjonskraft vert vidareformidla på vilkår som tidlegar fastsett i KS 056/2012 og KS 017/2015.

Formannskapet - 009/2017

FOR - behandling:

Habilitet:

Ordførerar gjeikk frå under handsaming av saka då han var ugild grunna at han er gift med styreleiar i Modalen kraftlag, Fvl § 6 c.

Under handsaminga var det 4 medlemer til stades.

Varaordførar Kristin Nåmdal leia møtet.

Rådmannen orienterte om sine vurderingar og tilråding i saka.

Samrøystes

FOR - vedtak:

Modalen kommune overfører eiga konsesjonskraft til Modalen Kraftlag utan vederlag for den del av forbruket som går til kommunalt forbruk og til private innbyggjarar / kundar og landbruk.

Modalen kommune vidarefører underteikna avtale med Modalen kraftlag om sal av konsesjonskraft for den del som skal vidaresejast til lokalt næringsliv, men med endring av pris i samsvar med vedtak i KS 017/2015. Differansen mellom marknadspris og kostpris skal heilt ut tilfalle næringsfondet.

All kraftmengda skal uavkorta stillast til rådvelde for abonnentane i Modalen kommune til lågast mogeleg pris der og prisen på kjøp og overføring av krafta bør bli teke omsyn til.

Vedtaket gjeld for disponering av kommunen si konsesjonskraft til og med 31.12.2020.

Rådmannen legg fram ny sak til kommunestyret i første halvår 2020.

Vedlegg:

Underteikna avtale om salg av konsesjonskraft (L)(19638)

Notat vedkomande vurdering av kraftprisar Lund og Co

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE - 223	17/17

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
012/2017	Formannskapet	PS	31.01.2017
006/2017	Kommunestyret	PS	16.02.2017

Reviderte retningslinjer for tildeling av kulturmidlar

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek reviderte retningslinjer d. 12.01.17 for tildeling av kulturmidlar.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Modalen kommune ynskte å samle rammer, søknadsinformasjon og retningslinjer for tildeling av kulturmidlar i eit dokument – *retningslinjer for tildeling av kulturmidlar* – slik vedlegget syner.

Vurdering

Kultur- og utviklingssjef gjennomførte 12.01.17 eit møte med lag og organisasjonar i Modalen kor me gjekk gjennom forslag til reviderte retningslinjer. Forslag var sendt alle i forkant i saman med invitasjon til møtet.

Forslaget vart drøfta i møtet og resultatet vart at dette var retningslinjer alle kunne stille seg bak. Rådmannen vurderer slik at det er semje omkring tildelingsgrunnlaget og at dette er eit godt utgangspunkt både for vidare samarbeid.

Konklusjon

Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar byggjer på ei drøfting kor spørsmål m.m. vart avklara. Dette skal vere eit bidrag i forhold til å inkludere og involvere aktuelle aktørar i arbeidet og finne grunn for felles forankring.

Formannskapet - 012/2017

FOR - behandling:

Kultur- og utviklingssjef Ove Sæbø orienterte om saka.
Samrøystes

FOR - vedtak:

Modalen kommune vedtek reviderte retningsliner d. 12.01.17 for tildeling av kulturmidlar.

Vedlegg:

Retningsliner for tildeling av kulturmidlar - forslag til FORM 31.01.17,

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FA - C51	16/248

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
013/2017	Formannskapet	PS	31.01.2017
007/2017	Kommunestyret	PS	16.02.2017

Tilrettelegging helleristingar inkl. fysiske tiltak v/ Mostraumen

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek å gjennomføre tiltak som omhandlar fysisk tilrettelegging rundt helleristingspunkt v/ Mostraumen. Dette inneber skilting, tilrettelegging av parkeringsplass for båthamna samt bearbeiding og sikring av helleristingspunktet. Prosjektet er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, grunneigar og Modalen kommune. Det vert løyvd inntil kr. 95 000,- i føreslegne investeringar finansiert gjennom næringsfondet.

Årlege driftskostnadar på kr. 14 000,-er lagt inn i kulturbudsjettet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune har fått kr. 300 000,- i støtte til å utvikle ein app som skal gjere bergkunst/helleristingar meir/digitalt tilgjengeleg for publikum. Helleristingane ved Mostraumen vart peika ut som eit mogleg pilotprosjekt kor utviklinga kunne finne stad. Det var etablert ein dialog mellom Hordaland fylkekommune v/ Fylkeskonservatoren og Modalen kommune kor kommunen vart oppfordra til å ta del i prosjektet.

Kommunen sin innsats er knytt til fysisk tilrettelegging på staden, samt drift/hosting av server.

Vurdering

Slik skildrar utviklaren prosjektet:

Hordaland fylkeskommune, i samråd med sine underavdelinger og partnere, ønsker å gjøre helleristingene på Mostraumen tilgjengelig for publikum på en ny og moderne måte. Ved bruk av moderne teknologi med høy nøyaktighetsgrad ønsker man å la publikum få se og ta del i noe man

ellers måtte hatt spesielle natur- og lysforhold og/eller fagkunnskap for å se detaljer i.

Hvordan blir et besøk ved Mostraumen i fremtiden?

Når brukeren starter den nye applikasjonen vil en få opp indikatorer på skjermen som leder bort til helleristningene. Kartet og veiledningene gjenspeiler avstanden til stedet, slik at man vil få en helt annen visning om man er 100 meter unna enn om en befinner seg i Bergen sentrum.

Vel fremme ved Mostraumen får man instruksjoner om å holde opp den mobile enheten og peke den mot fjellveggen, slik at det innebygde kameraet og ulike måleinstrumentene kan gjøre jobben sin med å lete frem helleristningene. Når man omsider fanger disse på kamera vil man kunne se det som for det nakne øyet nesten er usynlig, i aller høyeste detalj. Brukeren kan velge å manipulere helleristningen på skjermen med fingertuppene for å zoome eller snu på kunstverket. Når man er ferdig hopper bildet tilbake til vanlig visning av kamera med visning av fjellveggen bak.

Det er også meningen at man skal kunne lese tilgjengelig informasjon om de ulike helleristningene samtidig som at applikasjonen har linker til eventuelle referansenettsider og eventuelle andre viktige tilknytninger.

Modalen kommune har i samarbeid med fylkeskommunen høve til å trekke fram og aktualisere bergkunsten i Mostraumen. Dette vil kunne bli eit av fleire kulturpunkt som styrkjer Modalen sitt omdøme. Samstundes har det høg kulturhistorisk verdi å ta vare på minner frå fortida. At bergkunsten også kan gjerast tilgjengeleg gjennom ny teknologi (pilotprosjekt) opnar opp for langt fleire enn i dag.

Pilotprosjektet legg til rette for IOS - ikkje Android. Årsaka er at ei plattform måtte velgast på grunnlag av avgrensa sum (kr. 300 000,-). Utviklar peiker på at det er færre brukarar av IOS, men at bruken av Ipad er større, og at ein difor har valgt dette som løysing. Dersom prosjektet vert ein suksess er det berre økonomi som evt. stoppar utvikling av Android plattform.

30. nov. 2016 var utviklar på staden og gjorde omfattande laserskanningar. Rådmannen opplever at dette er ein særskilt aktuell veg å gå for å løfte fram og sikre merksemd rundt helleristingane, samt bidra til at dei også i framtida vil engasjere publikum. Det er òg positivt at Modalen kommune er valgt som pilotkommune for ei slik digitalisering. Det er fleire helleristingspunkt i regionen/landet, men ikkje alle klarer å aktualisere desse / gjere dei tilgjengelege.

Dersom Modalen ikkje ynskjer å ta del i prosjektet vil likevel teknologien verte utvikla. Me har p.d.d. ikkje forplikta oss til å ta del.

For at Modalen kommune skal kunne ta del i prosjektet er me avhengige av eit godt samarbeid med grunneigar. Kultur- og utviklingssjef hadde eit møte med Einar Farestveit 24. oktober 2016 kor saka vart drøfta. Farestveit var særskilt positiv til prosjektet. Som grunneigar var han samstundes oppteken av at nokre forhold måtte tilretteleggjast på kaiområdet. Dette er å forstå som forutsetningar for å kunne gå vidare med prosjektet:

- Det må tilretteleggast for innramma parkeringsplass for brukarar av båthamna (16 plassar) slik at desse ikkje kjem i konflikt med besøkande til bergkunsten. Det må setjast opp skilt kor det vert varsla om privat parkering. Grunneigar foreslo rundstein rundt det aktuelle området. Skisse må avklarast med grunneigar. Vurderinga er at det er tilstrekkeleg med areal på kaien til å legge for rette for slik innramming av parkeringsplass. I tillegg må ein sikre tilgang for brøytebil. Kostnad: ca. kr. 50 000,-.

Grunneigar er oppteken av at bergkunsten vert tilstrekkeleg sikra i forhold til skade/hærverk. Dette er også i fylkeskommunen og kommunen si interesse m.a. gjennom sikringsone på 5 m rundt. Her foreslo grunneigar også bruk av rundstein. Kostnad ca. kr. 15 000,-.

I tillegg ynskjer grunneigar at slaghol o.l. i vegen frå fylkesveg og ned til kaiområdet vert utbetra.

Kostnad ca. kr. 5 000,-

Andre kostnader:

Det vil vere behov for informasjonsskilt ved helleristingane (inkl. instruksjonar om bruk), etablering av referansepunktmarkørar, samt eit plate/steinpunkt å stå på. Kostnad ca. kr. 23 000,-.

I tillegg vil det vere behov for skilting ved fylkesveg og ned til helleristingane. Dette er ein dialog mellom fylkeskommunen og Vegvesenet.

Det vil verte ein årleg kostnad for Modalen kommune på ca. kr. 14 000,- å hoste (serverdrift) løysinga.

Budsjetterte investeringskostnader vil verte omlag kr. 93 000,-.

Desse kostnadane er foreslått finansierte gjennom Modalen kommune sitt næringsfond. I retningslinene for næringsfondet er det lagt til grunn at løyvingar frå fondet kan nyttast til *marknadsføringstiltak for å gjere Modalen kommune sine tilbod kjende både mellom eigne innbyggjarar og folk utanfor kommunen*. I tillegg innanfor *reiselivsmarknadsføring*.

Modalen treng å styrkje omdøme og kunne ha kulturelle besøksmål som kan generere aktivitet. På dette viset byggjer me opp ulike sider ved kommunen som skal gje den merksemda som gjer at fleire finn kommunen attraktiv både å besøke, men og å vurdere å busetje seg i.

Årlege driftskostnader er rekna til om lag kr. 14 000,-. Desse kostnadane er foreslått tatt inn i kulturbudsjettet.

Konklusjon

Det vil vere mange ulike innfallsvinklar for å styrke kommunen sitt omdøme og sikre gode marknadsføringstiltak. Dette tiltaket har kulturhistorisk forankring, noko som kan tyde at det er eit varig tiltak som vert investert i og løfta fram. Dersom me vel å ta del i prosjektet er det eit signal om at Modalen kommune er ein kommune som tek vare på sine fortidsminne og sikrar tilgang for mange fleire, samt styrker dei for ettertida. Det er også eit interessant aspekt ved prosjektet at ein knyter helleristingane opp imot digital utvikling. Det styrker Modalen sitt omdøme innanfor IKT-utvikling og korleis ein tek dette i bruk på fleire/nye vis.

På eit seinare tidspunkt kan den digitale utbygginga av helleristingane også byggast vidare. Me syner ei aktiv tilnærming til eit spennande utviklingsområde. Modalen kommune er i framkant.

Formannskapet - 013/2017

FOR - behandling:

Kultur- og utviklingssjef Ove Sæbø orienterte om saka.

Samrøystes

FOR - vedtak:

Modalen kommune vedtek å gjennomføre tiltak som omhandlar fysisk tilrettelegging rundt helleristingspunkt v/ Mostraumen. Dette inneber skilting, tilrettelegging av parkeringsplass for båthamna samt bearbeiding og sikring av helleristingspunktet. Prosjektet er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, grunneigar og Modalen kommune. Det vert løyvd inntil kr. 95 000,- i føreslegne investeringar finansierte gjennom næringsfondet.

Årlege driftskostnader på kr. 14 000,- er lagt inn i kulturbudsjettet.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jahn Olav Nordheim	FA - A22, TI - &00	17/20

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
015/2017	Formannskapet	PS	31.01.2017
008/2017	Kommunestyret	PS	16.02.2017

Revisjon av vedtekter skulefritidsordning

Forslag til vedtak:

Vedtekter for Modalen skulefritidsordning vert vedteke slik dei ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Dei gjeldande vedtektene for skulefritidsordninga i Modalen vart sist revidert i august 2008. Etter dette har det vore gjort nokre endringar i organiseringa av sfo utan at det har vorte gjort endringar i vedtektene. For å få betre samsvar mellom vedtekter og praksis vil ein no revidera vedtektene slik at dei står i forhold til det tilbodet som vert gjeve.

Framlegg til reviderte vedtekter for Modalen skulefritidsordning har vore til høyring hjå brukarar/foreldregruppa gjennom alle representantar i Fau ved Mo skule. Saka vart handsama i samarbeidsutvalet ved Mo skule i møte 05.01.2017. Samarbeidsutvalet godkjende framlegget til reviderte vedtekter utan merknader.

Vurdering

Vedtektene til Modalen skulefritidsordning tek utgangspunkt i Opplæringslova § 13-7. Her er det opplista kva vedtektene skal innehalda. Framlegg til vedtak i saka byggjer på denne oppstillinga.

Dei viktigaste endringane i vedteketen handlar om opningstid for sfo. Hausten 2014 endra Mo skule oppmøtemønster for heile skulen. Elevane på 1.-4.klassetrinn gjekk då over til 5 dagar skuleveke, og ei lengre økt med sfo på slutten av kvar dag. Opningstidene om ettermiddagen har vorte endra til

16.30 (tidlegare 16.00) utan vedtaksending. Dette er no teke med i framlegg til reviderte vedtekter.

Siste året har ein etter avtale hatt høve til å levere sfo-born i barnehagen frå kl 07.00. Borna har så nytta skulebussen ned til skulen om morgonen. Dette er det framleis høve til, og informasjon om dette er no teke med i framlegget til vedtekter.

I skulen sine feriar har det vore eit samarbeid mellom Modalen barnehage og sfo. Dette samarbeidet held fram. Ein får då utnytta personalressurs og avvikla ferie for dei tilsette på ein god måte. Dei siste to åra har ein hatt ei prøveordning med feriestengd barnehage og sfo ei veke om sommaren. Etter evaluering av denne prøveordninga vert sfo feriestengt i veke 29.

I høyringsprosessen kom det inn eitt innspel frå foreldregruppa 1.-2.klasse. Innspela frå foreldra er vurdert i arbeidet med vedtektene. Ein har etter høyringa teke inn i vedtektene moglegheita for at born etter avtale kan starta sfo kl 07.00 i barnehagen på skuledagar. Ordninga vert dermed gjort kjent for alle. Dei andre innspela frå foreldregruppa er viktige, og innhaldet vert teke opp i møte mellom skuleleiing og sfo-leiar. Ein meiner at desse innspela ikkje høyrer inn under det som skal vera med i vedtektene for sfo.

Konklusjon

Framlegg til reviderte vedtekter er i samsvar med dagens praksis for sfo i Modalen kommune.

Formannskapet - 015/2017

FOR - behandling:

Samrøystes

FOR - vedtak:

Vedtekter for Modalen skulefritidsordning vert vedteke slik dei ligg føre.

Vedlegg:

Vedtekter SFO-framlegg

Høyringsinnspel Fau 1.-2.kl

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Grete Urdal	FA - A10, TI - &00	17/21

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
016/2017	Formannskapet	PS	31.01.2017
009/2017	Kommunestyret	PS	16.02.2017

Revisjon vedtekter Modalen barnehage

Forslag til vedtak:

Vedtekter for Modalen barnehagen vert godkjendt slik dei ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Gjeldane vedtekter skriv seg frå 2012. For å tilpassa vedtektene til endringar som har vore gjort i ei prøveordning, er det no naudsynt med ein revisjon av desse. Saka har vore til høyring i Samarbeidsutvalet. Dei har ikkje komme med innspel.

Vurdering

Det er føreslege tre endringar i vedtektene: Utviding av opningstidene, lengd på ferie for barna og sommarstengt veke.

Utviding av opningstid-jf§12:

Den 03.06.2015 søkte foreldrerepresentanten i barnehagen, på vegne av foreldra, om utviding av opningstida i barnehagen. Etter ei spørjeundersøking blant foreldra vart det avgjort å imøtekomma fleirtalet av foreldra sitt ynskje om utvida opning om morgonen som eit prøveprosjekt barnehageåret 2015/16. Opningstida vart endra frå 07.30-16.30 til 07.00-16.30. Prøveordninga vart evaluert juni 2016 og fleirtalet av foreldra ynskja ei vidareføring av utvidinga. For å imøtekomma foreldra sine behov vert det føreslege å vedtekstfesta opningstida i barnehagen på 9,5 timar frå klokka 07.00 til 16.30.

Lengd på ferie for barna-jf§11:

I gjeldane vedtekter står det at barna skal ha 4 veker ferie. Tre av desse vekene skal takast i skulen sin sommarferie og den siste ferieveka har vore knytta til dei fem planleggingsdagane barnehagen har i

løpet av barnehageåret.

Personalet har lovfesta rett til fem vekers ferie. På planleggingsdagane må personalet vera tilstades og har ikkje då høve til å avvikla ferie. For å kunna oppretthalda god kvalitet på tilbodet ein gjev, er det behov for meir samsvar mellom ferien som barna avviklar og den ferien som personalet avviklar. Ein ynskjer å halda fram med at barna skal 4 veker ferie, men at planleggingsdagane ikkje vert rekna som ferie. På planleggingsdagane vil barnehagen framleis vera stengt. Den siste ferieveka kan avviklast i løpet av barnehageåret etter nærare avtale med styrar. Ein føreslår ei vedtaksendring der planleggingsdagane ikkje vert rekna som ferie.

Feriestenging i veke 29-jf§11:

I samband med budsjett 2015 vart styrar bedt om å visa til ulike innsparingstiltak. Av dei ulike tiltaka var det forslaget om feriestenging formannskapet ba styrar sjå nærare på.

Ein ynskja å prøva ut om det å stengje ei veke kunne bidra til å effektivisera drifta. Ein håpar at stenginga kan bidra til at ein får avvikla mest mogleg ferie for dei tilsette samstundes som barna har ferie. Feriekartlegginga frå foreldra gjev utgangspunkt for kor mange vaksne det trengs for å driva ei trygg pedagogisk verksemd.

Sommaren 2015 vart det gjennomført ei prøveordning med å stenge veke 29. Årsaka til at ein peikar ut ei spesifikk veke, var at det erfaringsmessig er svært få barn som er påmelde denne veka. I tillegg ser ein at av dei som er påmeldte er det berre nokon som møter. Dette fører til dårleg ressursutnytting.

Før ferien 2016 vart det gjennomført ei evaluering blant foreldra og dei tilsette i barnehagen, der ein etterspurde erfaringar i høve til det å ha stengt og synpunkt på ei vidareføring av stenging i veke 29. Fleirtalet var positive til at me stengde veke 29 og positive til ei vidareføring av stenginga. Ein føreslår derfor ei vedtaksendring om feriestenging i veke 29.

Konklusjon

Ut frå erfaringar og evalueringar dei siste åra føreslår ein å gjer endringar i vedtektene som er tilpassa dagens drift. Endringane er allereie prøvd ut, og det er ikkje kome merknader frå samarbeidsutvalet. Rådmannen går inn for at vedtektene vert vedtekne slik dei no ligg føre.

Formannskapet - 016/2017

FOR - behandling:

Samrøystes

FOR - vedtak:

Vedtekter for Modalen barnehagen vert godkjend slik dei ligg føre.

Vedlegg:

Vedtekter barnehagen 2017